



## HØRINGSUTTALELSE PLANPROGRAM

FANA GNR. 119 BNR. 985 M.FL.

RÅDALEN MILJØPARK

### Gardsbruket Stend, Gnr 97/1.

Hordaland Fylkeskommune ved Stend vidaregåande skule er grunneigar på mesteparten av det foreslått regulerte området.

Stend er eit stort gardsbruk i vestlandsk målestokk. Områda som inngår i dei ulike reguleringsalternativa, nyttast i dag til førproduksjon, og eit bortfall av areala her vil få store konsekvensar for dyrehaldet ved skulen. Stend vgs har og den største idrettslina i Hordaland og er heilt avhengig av idrettsanlegget på Stavollen.

***Skulen vil difor sterkt motsette seg at det er noko anna enn 0-alternativet som blir lagt til grunn for vidare reguleringsarbeid.***

### Tiltakshavars behov for meir næringsareal.

Oppdragsgjevarane, Rådalen Miljøpark, består av bedrifter knytt til avfallshandsaming og steinproduksjon, samt verksemder knytt opp mot desse ressursane. Historia bak dette er kombinasjonen av fjellsprenging og steinuttak, og deretter deponering av avfall i sprengingsromma.

Vi meiner all næringsaktivitet i området skal vere knytt opp mot steinmassar (FSG, NCC, Ølen Betong) og avfallshandsaming (BIR, Bergen kommune, Ragn Sells, Norscrap, Ulstein Bergen).

Tiltakshavar seier i si omtale av tiltaket pkt.2.1 at det er behov for meir areal til pågående verksemd. Slik skulen oppfattar det, gjeld dette behovet i hovudsak BIR si verksemd. Skulen stiller seg då svært undrande til at BIR ikkje var aktuell kjøpar då det mest nærliggande arealet, Gnr.119 Bnr. 592,985,416 (Rådal eigedom AS), var til sals for berre nokre få år sidan.

I alternativ 2 skal idrettsanlegget på Stavollen med stor bygningsmasse og fleire idrettsbaner, løysast ut. Vi meiner Rådal eigedom AS sine areal og bygningar må vurderast løyst ut! Desse areala grensar inntil BIR sine areal, og huser aktivitetar som **ikkje** gjer bruk av ressursane Stein og avfall. Dette må vera eit langt betre alternativ enn å rasera eit idrettsanlegg.

### Stavollen Idrettspark

Stavollen idrettspark ligg på skulen sitt område og er bygsla fram til år 2042, i tråd med reglar for tildeling av tippemidlar.

Stavollen er særstakt viktig for skulen, då nesten all idretts- og kroppsøvingsundervisning for skulen blir gjort i idrettsparken, og skulen er den desidert største leidgetakaren i Bjarghallen. Skulle idrettsparken bli flytta, vil dette medføre at heile grunnlaget for idrettslina ved skulen blir fjerna.



### **Hordnesskogen - Deponiområde.**

Hordaland Fylke og Stend vidaregåande skule er sterkt imot at dette området blir innlemma i reguleringsplanen. Området vart regulert så seint som i 2013, Plan ID 62390000.

Området er regulert som LNF område, og skal etter avtale mellom Stend vidaregåande skule Statens vegvesen tilbakeførast til dyrka mark. Området vil gje skulen nye areal for førproduksjon som på sikt vil vera viktige areal for skulen. I tillegg vil området få ein köyrebane for travarhestar slik at hestelina ved skulen har eit skjerma område for denne aktiviteten.

### **Skulegardsbruksområdet på Stend.**

I tillegg til Stend Gnr. 97/1 paktar skulen også Fana Prestegard Gnr. 96/1 (i 50 år) fram til 2030. Driftsbygningen vart bygd i 1987/88, tilpassa det samla jordbruksarealet vi då hadde til disposisjon. Garden har ein produksjon tilpassa klimatiske og terrengmessige tilhøve, dvs i hovudsak grovförproduksjon (eng og beite) og drøvtyggerar (ku og sau). I tillegg har vi eit stort hestehald.

Grovförra reala skulen disponerer i dag, dekker nokolunde forbehovet til drøvtyggerane. Til hestane vert derimot alt grovför innkjøpt, om lag 125-150 tonn höysilasje årleg, noko som tilsvavar eit arealbehov på om lag 150 - 175 da.

Kva som skjer med Fana Prestegard etter 2030 er uvisst. På delar av arealet er det planlagd ny gravplass, men her ligg dei klart beste jordbruksarealet og eit bortfall her vil få store konsekvensar. Samla areal her er 122 da.

Vi ser for oss at dei nye jordbruksarealet på nær 100 da på steinfyllinga i Hordnesskogen, vil vere erstatning for eventuelt tapte areal på Prestegarden. Eventuelt vil dei nye arealet i Hordnesskogen gjere det mogleg for skulen å kunne produsere mykje av hesteforet vi i dag må kjøpe inn.

Jordbruksarealet er i tillegg til grovförproduksjon også nødvendige areal til å spreie husdyrgjødsela på. Kravet styresmaktene har sett er 4 da pr gjødseldyreining (GDE). (1 GDE = 1 ku = 2 hestar = 7 sau). Her er skulen i dag nær det maximale dyretallet.

Jordvernet står også høgt her på skulen, og nedbygging av fulldyrka jord som arealet i reguleringsområda tross alt er, sjølv om det er avfallsdeponi under, strir imot desse haldningane.

### **Stend som kulturlandskap**

Kulturlandskapet på Stend med Hordamuset og garden på Stend er ein viktig del av kulturarven i Fana, med funn av buplassar frå 5000 år tilbake i tid. Garden har ei rikhaldig og ikkje minst godt dokumentert historie, som Nonnesæter kloster sin eigedom fram til år 1528, som krongods fram til 1680, deretter i privat eige fram til 1861, då Hordaland fylke kjøpte garden og oppretta jordbrukskule her i 1866. Kulturlandskapet er difor særskilt viktig å ta vare på for framtidige generasjonar.

**Stend, 6. september 2017**

*Magnus Vaktskjold*

**Magnus Vaktskjold**

**Rektor**